

# Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027

## Handlingsprogram 2019-2022

*Handlingsprogram 2019-2022* inneholder satsingar som skal bidra til å oppfylle måla i *Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027*. Handlingsprogrammet følgjer strukturen i plandokumentet, men med ein generell del innleiingsvis. Her er tverrgåande tema med overordna og fagovergripande satsingar plasserte. Inndelinga elles er i samsvar med innsatsområda som er lista opp i modellen her:

### Overordna mål: Kultur for alle



Satsingane i handlingsprogrammet er alle prioriterte i perioden 2019-2022, men er fordelt på det eller dei åra dei er planlagt gjennomførte. Ansvarlege for gjennomføring er ført opp under kvar satsing.

Verkemidla vi har til rådvelde er politisk kompetanse, fagkompetanse, informasjon, lover/forskrifter/retningslinjer og økonomi. Ofte vil det vere aktuelt å nytte fleire verkemiddel saman.

Fagområdet kultur skal etter intensjonsavtalen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar leiaast frå Sogn og Fjordane i det nye fylket. I prosessen fram mot samanslåinga i 2020 må det byggast ut tilstrekkeleg kapasitet, kompetanse og gode strukturar for samarbeid og arbeidsflyt.

Handlingsprogrammet skal følgjast opp av årlege handlingsplanar vedtekne av hovudutval for næring og kultur. Desse vil vere meir konkrete når det gjeld tiltak under dei ulike punkta i handlingsprogrammet.

*Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* dannar saman med *Premiss, regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025* grunnlag for utforming av kulturpolitikken i det nye Vestland fylke.

Handlingsprogramma og dei årlege handlingsplanane vil i aukande grad verte samordna når fylket er etablert og det er definert kva retning den felles kultursatsinga skal ha.

Tverrgående tema					
Fagområde	Satsingar	2019	2020	2021	2022
<b>Kultur for alle, felles satsingar</b>					
	<p>Arbeide for at alle skal ha høve til å delta i kulturaktivitetar uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, funksjonsnivå og alder (m.a. gjennom tidleg engasjement, å opne opp kulturinstitusjonane og skape gode møteplassar lokalt)</p> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunen, institusjonane, staten, FoU-miljø, frivillig sektor, kyrkj og andre trussamfunn</i></p>	x	x	x	x
	<p>Sikre økonomiske verkemiddel for å gi tilgang til kulturaktivitetar for alle gjennom låge kostnader for deltaking, sponsa billettar/ deltakaravgifter, følgjekortordning, utlånsordningar for utstyr til kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv m.m.</p> <p><i>Ansvar: kommunane, organisasjonane, institusjonane</i></p>	x	x	x	x
	<p>Nynorsk er eit berande element i vestlandskulturen. Vi ynskjer å styrke dette ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtte opp om arbeidet med å realisere «Nynorskhus» i Førde</li> <li>• Gjennomføre tiltak som aukar lesedugleiken til barn og unge, og særleg gutter</li> <li>• Halde fram med å vere ei drivande kraft i forumet «Nynorskfylket», og vidareføre dette inn i Vestland fylkeskommune</li> <li>• Stimulere til produksjon og formidling av nynorsk litteratur</li> </ul> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, Førde kommune, deltakande partar</i></p>	x	x	x	x
	<p>Leggje fritidsaktivitetar i tilknyting til skuledagen for å sikre breiare deltaking, etablere møteplass der ein koordinerer innsatsen mellom ulike aktivitetar</p> <p><i>Ansvar: kommunane, organisasjonane</i></p>	x	x	x	x
	<p>Styrke kultursatsinga i planarbeidet i fylkeskommunen og kommunane</p> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i></p>	x	x	x	x
	<p>Stimulere til mangfold i demokratiske prosessar gjennom arbeid med ungdomsråd/ungdommens kommunestyre, innvandrarråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd</p> <p><i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, organisasjonane</i></p>	x	x	x	x
	<p>Leggje til rette for kompetanseheving og informasjonsutveksling for tilsette og frivillige som jobbar med kulturelle ressursar og verdiskaping</p> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, organisasjonane</i></p>	x	x		

<b>Nettverk og møteplassar på tvers</b>					
	Etablere systematisk samarbeid mellom regionale frivillige og offentlege aktørar, kommunane, fylkeskommunen og institusjonane om utvikling av tilbod som sikrar at alle på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn kan delta  <i>Ansvar: fylkeskommunen i samarbeid med KS/kommunane og HVL/andre FoU-miljø, kyrkja og andre trussamfunn</i>	x	X		
	Gjennomføre årlege dialogmøte og samhandlingstiltak mellom kommunane, frivillig sektor/organisasjonane, institusjonar  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, frivillig sektor, kulturinstitusjonane</i>	x	X	x	x
	Gjennomføre årleg kulturkonferanse med aktuelle kulturpolitiske tema som ein arena for å bygge kompetanse  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
<b>Opplevingsnæringer</b>					
	Ta initiativ til å få til eit apparat for utvikling av kulturnæringer i fylket  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	X		
	Utvikle løysingar som gir kulturturistar digital tilgang til kultur og kulturarv i vår region som del av arbeidet med opplevingsnæringer (Digitalt reiseliv)  <i>Ansvar: fylkeskommunen, destinasjonsselskapa</i>	x	X	x	x
	Tiltak som gjer kulturaktivitetar tilgjengelege som komponentar i reiselivsproduktet, både for eiga lønsemd, og for å heve kvaliteten i reiselivsproduktet  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, destinasjonsselskapa</i>	x	X	x	x
<b>Digital kulturformidling</b>					
	Heve digital kunnskap og formidlingskompetanse gjennom kurs/samlingar  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Synleggjere kunst, kultur og kulturarv frå fylket gjennom digitale kanalar nasjonalt og regionalt (t.d. Kulturhistorisk leksikon, digitalmuseum.no, kulturminnesøk.no, Forfattarar frå Sogn og Fjordane, fylkesatlas)  <i>Ansvar: fylkeskommunen, musea, kommunane, Huset i bygda</i>	x	X	x	x
	Vidareutvikle og vidareføre digitale kulturhistoriske prosjekt og satsingar i det nye fylket (fylkesarkivets arkivmateriale, «Skulen min», Forfattarar frå Sogn og Fjordane m.m.) Vurdere digital kulturkalender for fylket  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Ta i bruk digitale løysingar og vurdere grunnlag for digitale basar som kan brukast av ulike aktørar/prosjekt for å knyte saman kultur og natur/friluftsliv, og motivere til meir fysisk aktivitet  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, frivillig sektor</i>	x	X	x	x

Kulturell infrastruktur					
Fagområde	Satsingar	2019	2020	2021	2022
<b>Frivillig sektor</b>					
	Styrke frivillig sektor sin plass i kommunal og regional planlegging, m.a. ved å få på plass frivilligplattformer i kommunane og fylkeskommunen  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor</i>	x	x		
	Etablere frivilligsentralar i alle kommunane, som skal styrke frivillig sektor og vere bindeledd mellom det offentlege og frivillig sektor  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
	Arbeide for gode og føreseielege rammevilkår for frivillig sektor <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for forenkla søknads- og rapporteringsrutinar for offentlege tilskot til frivillig sektor</li> <li>• Vidareføre og utvikle arbeidet med utviklingsavtalar med frivillig sektor som eit regionalt utviklingsverktøy</li> <li>• Utarbeide felles retningsliner/rutinar for fylkeskommunal støtte til frivillige organisasjoner i Hordaland og Sogn og Fjordane</li> </ul> <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, staten, frivillig sektor</i>	x	x	x	x
<b>Kulturhus</b>					
	Arbeide for at større del av spelemiddeloverskotet går til å ruste opp, modernisere og utvikle kulturbrygg  <i>Ansvar: fylkeskommunen, frivillig sektor, staten</i>	x	x	x	x
	Utvikle kulturhus og kulturbrygg som gode møteplassar som er tilrettelagde for all slags kulturaraktivitet (med fokus på drift og utvikling, universell utforming, god infrastruktur i husa der øvingsrom og samlingsrom er lagt til rette for relevant bruk, m.a. med omsyn til akustikk og dimensjonering for bruk)  <i>Ansvar: huseigarar, kommunane, fylkeskommunen, staten</i>	x	x	x	x
	Vidareføre «Huset i bygda» sine tiltak for kartlegging og kartfesting av kulturhusa i fylkesatlas og heve kompetansen for eigarar av lokale kulturbrygg  <i>Ansvar: huseigarar, kommunane, fylkeskommunen, staten</i>	x	x	x	
<b>Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv</b>					
	Redusere sosial ulikskap og økonomiske barrierar for deltaking i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv gjennom t.d. gratis skikort til 4. klassingar, reduserte leigeprisar for idrettsanlegg, reduserte treningsavgifter, gratis prøveperiodar, tilskot  <i>Ansvar: kommunane, idrettskrinsen, FNF og fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
	Felles krafttak for å auke kvardagsaktiviteten gjennom tilrettelegging av nærmiljø-/friluftslivsanlegg og lågterskel-tilbod for organisert og eigenorganisert aktivitet, m.a. sikre og opparbeide av friluftsområde i nærleiken av bustadområde, merke turløyper  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, frivillig sektor</i>	x	x	x	x

	<p>Arbeide for å ta meir omsyn til klima og miljø i planlegging og bygging av anlegg for fysisk aktivitet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikle gummigranulatprosjektet</li> <li>• Finne løysingar for å redusere behovet for å kjøre privatbilar til og frå aktivitetar</li> <li>• Prioritere spelemiddelsøknader med ein tydeleg plan for å redusere avtrykket på klima og miljø</li> <li>• Vurdere etablering av skjergardsteneste</li> </ul> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, idrettskrinsen, kommunane</i></p>	x	X	x	x
	<p>Opprette friluftsråd i fylket, oppretthalde fylkeskommunale etableringstilskot og driftstilskot til friluftsråda</p> <p><i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i></p>	x	X	x	x
	<p>Betre koordineringa mellom skule og frivillige idrettsorganisasjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere forum for koordinering mellom skular og frivillige lag</li> <li>• Legge til rette for ei prøveordning med treningar og aktivitetar i forlenging av skuledagen</li> <li>• Halvparten av kommunane har innført treningar og fritidsaktivitetar i forlenging av skuledagen</li> <li>• Alle kommunar har innført treningar og fritidsaktivitetar i forlenging av skuledagen</li> </ul> <p><i>Ansvar: kommunane, idrettskrinsen, FNF</i></p>	x	X	x	x
	<p>Utvikle og formidle metodikken til «Teikn ditt skuleområde», motivere til at dette vert gjennomført på barneskular</p> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i></p>	x	X		
	<p>Etablere stønadsordning for aktivitetstiltak for eldre der ein har fokus på fysisk aktivitet</p> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen</i></p>	x	X		
	<p>Vidareføre Forum for fysisk aktivitet som regionalt samarbeidsforum med deltararar frå kommunane, regionale samarbeidsorganisasjonar, Høgskulen på Vestlandet, fylkeskommunen</p> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, organisasjonane, HVL</i></p>	x	X	x	x
	<p>Sikre rammevilkåra til idretten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføre utviklingsavtalane</li> <li>• Etablere og utarbeide retningslinjer for tilskotsordning for nasjonale og internasjonale arrangement</li> <li>• Evaluere ordninga med driftstilskot til ski-anlegg som fyller regional funksjon, og vurdere å innføre søknadsbasert tilskotsordning for drift av anlegg elles</li> </ul> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen og kommunane</i></p>	x	X	x	x
	<p>Nytte kompetansen til Fosshaugane Campus som fyrtårn for kunnskap og forsking i idretten i fylket</p> <p><i>Ansvar: fylkeskommunen, idrettskrinsen, kommunane</i></p>	x	X	x	x

	Stimulere antidopingarbeid, spesielt med vekt på haldnings-skapande arbeid i dei vidaregåande skulane, og vurdere å etablere avtale mellom Antidoping Norge og fylkeskommunen  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
	<i>Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019, vedlegg nr 2, Anleggsutvikling</i> vert vidareført med prioriteringar  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x			
	Utarbeide ny anleggs- og tildelingspolitikk for Vestland fylkeskommune gjeldande frå 2020  <i>Ansvar: fylkeskommunane</i>	x			
	Etablere idretts- og aktivitetsparkar der ein samlar fleire idrettar på same stad  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	x	x	x
	Auke kunnskap om etablering og drift av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjennom konferansar, kurs, møte. Styrke idrettsråda i kommunane gjennom prosjektet «Ein god idrettskommune». Marknadsføre og gje råd om ordninga til Miljødirektoratet, statleg tilskot til friluftsføremål.  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, idrettskrinsen, andre organisasjonar</i>	x	x	x	x
	Rydde anleggsregisteret og avklare status for alle anlegg. Fylkeskommunen og kommunane gjennomfører synfaring på anlegg som har fått tildelt midlar for å undersøke om desse tilfredsstiller minimumskrava for drift.  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	x		
	Auke tilgang til friluftsliv i nærmiljøet og friluftsliv generelt <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjende søknader til friluftslivanlegg vert tildelt midlar i løpet av to første søknadsår</li> <li>• Skilting frå fylkesveg og riksveg til friluftslivområde og turstiar i naturen</li> <li>• Sluttføre dagsturhytte-etablering i kommunane, gjere kjent tilbodet og stimulere til bruk</li> </ul> <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, frivillig sektor</i>	x	x	x	x
	Halde fram satsinga på statleg sikra friluftsområde i fylket <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablering av område i kommunane</li> <li>• Årleg møte med kommunane med informasjon, kunnskapsdeling</li> <li>• Kontakt med kommunane om status og trong for hjelp</li> <li>• Følgje opp prosjektet kartlegging og verdsetjing av friområdet</li> </ul> <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	x	x	x

<b>Bibliotek</b>					
	Initiere og vidareføre samarbeid og tiltak som gjeld formidling av nynorsk litteratur, med særleg vekt på formidling til barn og unge  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, arrangørar, festivalar</i>	x	X	x	x
	Styrke og synleggjere biblioteket si rolle i lokalsamfunnet gjennom vidareutvikling av dei regionale biblioteksamarbeida, rådgjeving, kompetanseheving og prosjektsamarbeid  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Heve kompetansen på organisering, drift og utvikling av bibliotek gjennom å tilby leiaroplæring for biblioteksjefar i fylket  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X		
	Vidareutvikle biblioteka som møteplass og arena for formidling, læring og offentleg samtale gjennom eit breitt utval av arrangement, tilrettelegging av biblioteklokal, samlingsutvikling og kompetanseheving  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Vidareføre og styrke satsinga på digital formidling (elektroniske bøker og tidsskrift, regionale og nasjonale digitale ressursar)  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	X	x	x
	Vidareutvikle biblioteka sine nettsider for å auke tilgangen til biblioteka sine tenester og yte betre service til innbyggjarane  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	
	Styrke biblioteka i grunnskulen og vidaregåande opplæring gjennom kartlegging, planarbeid, kompetanseheving, fellestiltak  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	
	Styrke samarbeidet mellom biblioteka og barnehagane  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	

<b>Kultur- og naturarven</b>					
<b>Fagområde</b>	<b>Satsingar</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
<b>Nynorsk</b>					
Nynorsk er tema i ulike satsingar gjennom heile handlingsprogrammet.					
<b>Kulturminne</b>					
	Nytte lokale kulturminneplanar aktivt i planlegging og som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Ferdigstille arbeidet med oversikt over kulturminne av regional verdi, og lage ein plan for forvaltinga av desse  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	X		
	Ferdigstille arbeidet med å definere kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, staten</i>	x	X	x	

	Arbeide for statlege bevaringsprogram for mellomalder-kyrkjene og fyrstasjonar, og for å styrke det statlege bevaringsprogrammet for verneverdige fartøy  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	x	x	
	Arbeide for å etablere eit verdsarsenter for Urnes stavkyrkje  <i>Ansvar: fylkeskommunen, Luster kommune, Fortidsminneforeningen</i>	x	x	x	x
	Sikre gode prosessar der nærings- og bustadsprosjekt møter kulturminne  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	x	x	x
	Ta vare på handverkstradisjonane med vekt på å involvere barn og unge som tradisjonsberarar  <i>Ansvar: frivillig sektor, musea, kommunane, fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
	Ferdigstille forprosjekt for formidlingsbygg på Tusenårsstaden Gulatinget og søkje medfinansiering frå staten innan 1.3.2019. Mål om realisering i planperioden  <i>Ansvar: fylkeskommunen, Gulen kommune, staten</i>	x	x	x	x
<b>Museum</b>					
	Musea i Sogn og Fjordane skal ta vare på «Sogn og Fjordane-identiteten», fornye og utvikle seg, vere relevante i samfunnsdebatten, og arbeide aktivt med publikumsopplutning.  <i>Ansvar: Musea i Sogn og Fjordane</i>	x	x	x	x
	Musea i Sogn og Fjordane fylket skal vere gode samarbeidspartar for kommunar og fylkeskommunen i arbeidet med lokale kulturminneplaner og anna lokalt kulturminnearbeid, og utvikling og gjennomføring av kvalitativt gode DKS-tilbod.  <i>Ansvar: Musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, kommunane</i>	x	x	x	x
	Dei ulike museumsavdelingane skal utviklast som inkluderande møteplassar og formidlingsarenaer som appellerer til ulike brukargrupper. Kunstsenterfunksjonen v/Sogn og Fjordane kunstmuseum vert avklart.  <i>Ansvar: Musea i Sogn og Fjordane</i>	x	x	x	x
	Følgje opp vedtaket innan 1.mars 2019 om søknaden til staten om tilskot til å realisere museumsutbygginga i Movika, «Kløften»  <i>Ansvar: Musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, Førde kommune (på vegner av Jølster, Gauldal, Naustdal, Fjaler og Førde kommune)</i>	x	x	x	x
<b>Fylkesarkivet</b>					
	Avklare rolle og organisering av fylkesarkivet i det nye fylket  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	x		
	Syte for at fylkesarkivet kan handtere avleveringsbehovet og digitaliseringsbehovet i kommunane  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	x	x	x

	Arbeide for at den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen vert teken vare på og formidla  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Tilby rettleiing og tenester til lokale aktørar som frivillige organisasjonar, kommunar, museum mfl. innanfor fagområda privatarkiv, stadnamn, fotobevaring og tradisjonsmusikk/-dans  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x

<b>Kunstproduksjon og formidling</b>					
<b>Fagområde</b>	<b>Satsingar</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
<b>Generelt</b>					
	Samarbeide med og støtte opp om regionale bransjetiltak som nettverk og kompetanseorgan på kunstfeltet  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
<b>Visuell kunst og kunsthåndverk</b>					
	Styrke rammevilkåra for kunstnarane i Sogn og Fjordane gjennom å vidareutvikle stipendordninga i kommune og fylke, nytte statlege stipendordninga, delta på Innovasjon Norge sine kompetansehevande tiltak for kulturnæringane, byggje ut produksjons- og utstillingslokale, kunstnarbustader, støtte vidare utvikling av PreForm, Kunstbygda Balestrand m.m.  <i>Ansvar: kunstnarorganisasjonane, kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Gjere kjent og nytte Kunst i Offentlege Rom (KORO) ved all offentleg og privat utbygging av det offentlege rom  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Stimulere kunstformidlinga i fylket gjennom nettverk og fagmiljø på tvers av kommunane, styrke kunstlaga og arbeide for eigna utstillingslokale  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, kunstlaga, MiSF</i>	x	X		
<b>Musikk</b>					
	Utvikle godt samarbeid mellom kulturskulane og det frivillige musikklivet  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor</i>	x	X	x	x
	Byggje vidare på folkemusikktradisjonen i fylket (m.a. sikre at folkemusikkstillingar vert integrerte i distriktsmusikarordninga)  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor</i>	x	X	x	x
	Få til varierte opplæringstilbod innan ulike musikksgangar (t.d. gjennom opplæringstilboda i kulturskulane, samarbeid mellom kulturskulane, dei fylkesdekkande opplæringstilboda innan musikk, dans og drama og kantorane, vidareføring av distriktsmusikarordninga)  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, kyrkja, frivillig sektor</i>	x	X	x	x

	Sikre profesjonelle musikktilbod i fylket (m.a. sikre Sogn og Fjordane symfoniorkester økonomisk handlingsrom, leggje til rette for jamlege besøk av større profesjonelle orkester og utøvarar, arbeide for at fleire profesjonelle musikarar etablerer seg i fylket)	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor</i>				
	Sikre gode rammevilkår for eit variert festivaltilbod i fylket, og vidareføre ordninga med festivalstrategi i Vestland fylkeskommune	x	x	x	x
	<i>Ansvar: fylkeskommunen</i>				
	Arbeide for kommunale og regionale tilskotsordningar for skaparar og utøvarar av musikk, arrangement og festivalar (t.d. gjennom stipend og hospitantordningar, kunstnarbustader)	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>				
	Oppretthalde festivalstrategiordninga regionalt, og arbeide for 5-årige og 3-årige avtalar med Norsk kulturråd	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>				
<b>Scenekunst</b>					
	Styrke og utvikle scenekunstinstitusjonar som Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Teaterfestivalen i Fjaler som produserande og formidlande institusjonar.	x	x	x	x
	<i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, institusjonane</i>				
	Arbeide for varierte teater- og dansetilbod i heile fylket (m.a. gjennom å stimulere til etablering av frie teatergrupper og festivalar og ved å leggje til rette for godt samarbeid mellom profesjonelle og amatørar/frivillig sektor	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, institusjonane, organisasjonane</i>				
	Vidareføre satsinga på Dans utan grenser	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>				
	Oppretthalde eit godt utdanningstilbod innan musikk, dans og drama, og stimulere til samarbeid mellom kulturskular, andre kulturaktørar og vidaregåande opplæring innan estetiske fag	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>				
<b>Kino, film</b>					
	Sikre kinoane gode rammevilkår for drift og utvikling	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane</i>				
	Styrke vilkåra for å produsere film i fylket (m.a. ved å vidareføre og auke satsinga på Vestnorsk filmsenter og filmfondet Zefyr, stipend og utviklingsmidlar)	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, Vestnorsk filmsenter</i>				
	Stimulere produksjon av ungdomsfilm gjennom vidaregående opplæring	x	x	x	x
	<i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, Vestnorsk filmsenter</i>				

	Samarbeide om å utvikle Sogn og Fjordane som lokasjon for filminnspeling (m.a. stimulere til etablering av mottaksmiljø for filminnspeling gjennom reiseliv eller destinasjonsselskap)  <i>Ansvar: private aktørar, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
<b>Litteratur</b>					
	Initiere litteraturformidlingstiltak i samarbeid mellom offentleg og privat sektor (t.d. desentraliserte litteraturhus, Rom for ord, Bokbyen i Fjærland)  <i>Ansvar: privat sektor, fylkeskommunen, kommunane</i>	x	X	x	x
	Vidareutvikle Jakob Sande-tunet som formidlingsarena og forfattarbustad  <i>Ansvar: Jakob Sande-selskapet, Fjaler kommune, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x

<b>Kulturelle kraftsenter</b>					
<b>Fagområde</b>	<b>Satsingar</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
	Vidareutvikle og synleggjere kraftsentra som kunnskapsspreiarar og inspiratorar  <i>Ansvar: institusjonane, kommunane, fylkeskommunen, staten</i>	x	X	x	x
	Stimulere til nye etableringer innan ulike fagområde, inkludere både offentlege og private aktørar  <i>Ansvar: kulturaktørar, kommunane, fylkeskommunen, staten</i>	x	X	x	x
	Greie ut kva verkemiddel som kan takast i bruk i arbeidet for etablering og vidareutvikling av kulturelle kraftsenter/fyrtaarn  <i>Ansvar: fylkeskommunen i samarbeid med aktuelle FoU-miljø og kommunane</i>	x	X	x	x
	Vurdere å opprette ei stipendordning for å stimulere til masteroppgåver om kultur som kraft i nærings- og samfunnsutviklinga  <i>Ansvar: fylkeskommunen, FoU-miljø</i>	x	X	x	x

<b>Tidleg engasjement</b>					
<b>Fagområde</b>	<b>Satsingar</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
<b>Generelt</b>					
	Etablere ordningar som sikrar at barn og unge får høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn (økonomiske, sosiale og praktiske verkemiddel)  Følgje opp «fritidserklæringa», og sikre at alle barn og unge kan delta i minst ein fritidsaktivitet.  <i>Ansvar: kommunane, organisasjonane, institusjonane</i>	x	X	x	x

	Sikre eit variert tilbod om opplæring innan ulike kulturuttrykk for barn og unge (m.a. gjennom satsing på kulturskulane, Dans utan grenser, talentutviklingsprogram, frivillige organisasjonar)  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunane, frivillig sektor</i>	x	x	x	x
	Legge til rette for å hjelpe fram unge talent (t.d. gjennom arbeid med estetiske fag i skulen, kulturskuletilbod, aktive ungdomsklubbar, fysiske møteplassar for dataspeling, Ung Kultur Møtest)  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor</i>	x	x	x	x
	Inkludere barn og unge i planleggingsprosessar, utarbeide kunnskapsgrunnlag om barn og unge sin kulturbruk, få til tettare tverrfagleg samarbeid mellom oppvekst- og fritidsfeltet  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor</i>	x	x	x	x
<b>Kulturskulane</b>					
	Utarbeide planar for kulturskulane med tanke på organisering, breiddetilbod, talentsatsing m.m. Styrke kulturskulane som arena for menneske med behov for tilrettelagt opplæring  <i>Ansvar: Kommunane</i>	x	x	x	x
	Styrke fylkeskommunen si rolle overfor kulturskulane (følgje opp nasjonal avtale om tettare samarbeid mellom kulturskulane, UKM og DKS på regionalt nivå)  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
	Arbeide for at hybelbuarar i vidaregåande opplæring får kulturskuletilbod på skulestaden  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
<b>Kulturformidling til barn og unge, DKS</b>					
	Arbeide for å auke kontakten mellom kulturfeltet og skulane og integrere kunst- og kultur i skulane sine planar (DKS)  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, skulane</i>	x	x	x	x
	Samarbeide med Hordaland fylkeskommune om oppretting av fagråd for DKS  <i>Ansvar: fylkeskommunane</i>	x			
	Auke elevmedverknad i alle ledd i DKS, frå produksjon og utveljing til gjennomføring og evaluering, og delta i 3-årig prosjekt i regi av Kulturtanken om elevmedverknad i DKS, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune  <i>Ansvar: fylkeskommunane, Kulturtanken</i>	x	x	x	
	Ha eit tett samarbeid med biblioteka, festivalar og andre tilbod i kommunane om turneane i DKS  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, arrangørar</i>	x	x	x	x
	Etablere eit forpliktande arbeid i høve nye nynorskproduksjonar for DKS  <i>Ansvar: fylkeskommunen, Kulturtanken, kulturaktørar</i>	x	x	x	x

	Stimulere til utvikling av kunst- og kulturprogram for barn i barnehage, og bidra til språkleg tryggleik  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, høgskule, kulturinstitusjonar, Kulturtanken</i>	x	X	x	x
<b>Ung Kultur Møtest (UKM)</b>					
	Vidareutvikle UKM som arrangement for ungdom i alderen (10) 13-20 i alle kommunane og på fylkesnivå (breidde i tilbod, nye deltagargrupper)  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Sikre fagleg oppdatering av kommunane gjennom nettverksarbeid og årleg fagsamling om ungdom  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Utvike UKM som møteplass for ungdom med ungdomsmedverknad i planlegging og gjennomføring. Vidareføre ressursgruppe med ungdom knytt til fylkesfestivalen  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane</i>	x	X	x	x
	Vidareføre ordninga med ein UKM-strategi i Vestland fylkeskommune  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	X	x	x

<b>Mangfald og fellesskap</b>					
<b>Fagområde</b>	<b>Satsingar</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
<b>Kultur og helse</b>					
	Sjå kultur- og helseperspektivet i planprosessar i sterkare grad (forankre perspektivet på leiarnivå i kommunane, fylkeskommunen og statleg regionalt nivå) Opprette eit forum for leiarar innan kultur, helse, folkehelse og forskingsmiljø  <i>Ansvar: kommunane og fylkeskommunen</i>	x	X	x	x
	Skape rammer for kultursatsing i helse- og omsorgssektoren (t.d. gjennom musikkterapi, kunst- og kultertilbod på institusjonane, samarbeid mellom kommunane og frivillig sektor)  <i>Ansvar: kommunane</i>	x	X	x	x
<b>Inkludering</b>					
	Utarbeide planar for inkludering i kommunane og fylkeskommunen  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	X	x	
	Opprette nettverk for kommunane og frivillig sektor med tema inkludering (minoritetsspråklege, menneske med nedsett funksjonsevne, på tvers av generasjonane m.m.)  <i>Ansvar: kommunane, frivillig sektor, fylkeskommunen</i>	x	X		

	Vidareføre Kulturfestivalen for menneske med utviklingshemming, arbeide for å utvide tilbodet til barn under 16 i festivalen  <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
	Kartleggje kultursektoren sine verktøy for å kunne medverke til integrering av minoritetsspråklege innbyggjarar  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen</i>	x	x	x	x
<b>Universell utforming</b>					
	Arbeide for at tilgjenge for alle og universell utforming vert eit gjennomgåande perspektiv i alt arbeid med kunst og kultur, i tilbod, aktivitetar, utedrift og bygg  <i>Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, organisasjonane, institusjonane, private kulturaktørar</i>	x	x	x	x
	Gjennomføre årleg konferanse med tema universell utforming  <i>Ansvar: fylkeskommunen, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</i>	x	x	x	x
	Syte for særleg tilrettelegging for utvalde grupper (t.d. følgjekort for menneske med nedsett funksjonsevne, kultur- og aktiviteteskort for særlege grupper, transportordningar)  <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, arrangørar, kulturhus, institusjonar</i>	x	x	x	x
	Styrke fokus på universell utforming av anlegg og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne gjennom m.a. å: <ul style="list-style-type: none"><li>• Legge til rette for bruk og utvikling av sentrumsnære turvegar</li><li>• Kartleggje tilgjenge for tilkomst til skyteanlegg, kartleggje universell utforming på idrettshallar og symjebasseng etablert før 1985</li><li>• Gjennomføre grenselause idrettsdagar</li></ul> <i>Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, idrettskrinsen, FNF</i>	x	x	x	x
	Auke satsinga på sentrumsnære turvegar <ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikle eit konsept for å etablere ein universelt utforma turveg i alle kommunar (fellesprosjekt i nye Vestland fk)</li><li>• Ein universelt utforma turveg er etablert i 1/3 del av kommunane</li><li>• Ein universelt utforma turveg er etablert i 2/3 del av kommunane</li><li>• Ein universelt utforma turveg er etablert i alle kommunar</li></ul> <i>Ansvar: fylkeskommunen</i>	x	x	x	x